



# Felleskap er limet i gode lokalsamfunn

Noko av det finaste med Norge er sterke felleskap. Vi har bygd landet vårt på små forskjellar og like rettar. Nå er klimakrisa og forskjellskrisa dei store utfordringane i vår tid. I møte med desse må vi endre samfunnet vårt i ei meir miljø- og klimavennleg retning. Og vi må få ned forskjellane, lyfte folk ut av fattigdom og byggje gode lokalsamfunn.

## Vågå SVs viktigaste saker:

- at det blir utarbeidd eit kommunalt eller regionalt klimabudsjett
- å auke kommunal kompetanse innan klima og natur
- stoppe nedbygging av matjord og beiteareal
- styrke dialogen og samhandlinga mellom næringslivet og kommunen
- arbeide for heile og faste stillingar
- gå imot konkurranseutsetting og privatisering av tenester
- styrke det psykiske helsetilbodet til barn og unge, m.a. ved å styrke skulehelsetenesta
- styrke helsefremmande og førebyggjande arbeid i alle aldersgrupper
- arbeide for å sikre innbygarane eit breitt kulturtilbod
- arbeide for at alle skal kjenne seg inkluderte. Utanforskap kostar både enkeltindivid og samfunn dyrt
- halde fram med å arrangere opne møte, for å spreie kunnskap og skape arenaer for meningsfylte diskusjonar om aktuelle tema
- trygge arbeidsplassane ved å føre ein ansvarleg økonomisk politikk
- vurdere nøye alle investeringsprosjekt opp mot kommunen sin evne til å bera lånegjelda
- opprette fond for tilskotsordning til personar under 35 år som bygger eller kjøper heilårsbustad til eige bruk i Vågå kommune

Les heile programmet vårt på [innlandet.sv.no/vaga](https://innlandet.sv.no/vaga)



## Klima og natur

Verda står overfor ei klimakrisa og ei naturkrisa. Vågå SV vil jobbe for reduksjon av klimagassutslipp og mot nedbygging av natur. La Vågå bli føregangskommunen i det grøne skiftet!




## Landbruk

Lønnsamt, naturvenleg og klimasmart landbruk gjødslar verdiskaping, busetjing og levande kulturlandskap. Internasjonal uro syner kor viktig det er å auke sjølvforsyningsgraden.




## Det nye arbeidslivet

Eit godt arbeidsliv er eit organisert arbeidsliv, der heile og faste stillingar er hovudregelen. Kommunen skal ha ordna arbeidsforhold, godt arbeidsmiljø, og krevje det same av entreprenørar og andre leverandørar av varer og tenester til kommunen.



## Helse- og velferdstilbod

Helse-, velferds- og omsorgstenestene skal vera individuelt tilpassa og lett tilgjengelege. Vi må sikre lokale tilbod og oppsøkjande tenester i ein kommune som Vågå, med store avstandar og spreidd busetnad.



## Styrk demokratiet

Vågå SV vil vidareutvikle folkestyret og sikre større deltaking. Vi vil gje fleire moglegheit til å engasjere seg og påverke i saker som skal til politisk behandling. I eit likestilt lokaldemokrati, er det like naturleg å sjå kvinner som menn i maktposisjonar, og balansert kjønnsfordeling i kommunestyret og politiske utvalg.

